

Lite laks, bra med sjøaure

11.10.2010



Bjørn T. Barlaup og Helge Skoglund får kaffi og kaker av Kåre Vetrhus og Arne Terje Haugland ved bruhaugen etter ein hard arbeidsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi har sett lite laks i elva samanlikna med før medan det er bra med sjøaure.

Slik konkluderte forskningsleiar ved LFI-Unifob i Bergen Bjørn T. Barlaup for uskedalen.no då han gjekk på land i kveld etter ein lang arbeidsdag i Uskedalselva - frå Fjellandsbøvatnet til fjorden.

Sjøauren startar gytinga no og laksen kjem etter i november.



[Helge Skoglund teller laks og sjøaure ved brua! \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Barlaup og kollega Helge Skoglund innleia årets omfattande gytefisktellingar med "vår" elv og dei er saman med mange andre spente på konklusjonane.

Det gjeld ikkje minst oppsynsmann Arne Terje Haugland og leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetrhus som stilte opp og også hadde "noko å bite ti" for fagfolka.

- Dei gjer ein kjempejobb, dei er samvetsfulle og flinke, seier Arne Terje, som også lovar den lokale fangstrapporten ein av dei nærmaste dagene. Det er grunn til å vera spente, for vassføringa har vore sterkt varierande denne sesongen. Haugland har sakna fleire av dei som har kjøpt årskort.

Tellarane kunne rapportera at det var flest laks i Gravheølen, 12 i talet og med ein rusk på 12 kilo som den største. Derimot var det overraskande lite fisk i ein annan populær høl – Djupheølen. Barlaup og Skoglund hadde ikkje overraskande registrert tildels store lusforekomstar, særleg på ein stor oppdrettslaks. Noko samla "rekneskap" over fisken dei tella i dag har dei naturleg nok ikkje enno.

Barlaup slår fast at dei konklusjonane han kom med for snart halvtanna år sidan etter gytefisktellingane i perioden 2004-2008 framleis gjeld.

Der slog han fast at situasjonen for villaksen på store deler av Vestlandet er kritisk med ein særleg uehdig situasjon i Nordhordland og Hardanger.

For sjøauren er situasjonen meir varierande.

I Nordhordland og Hardanger er det framleis fleire livskraftige bestandar av den sjølv om mange er kraftig redusert.

Hovudårsaken til utviklinga er uormalt stor dødelighet i sjøfasen. Lakselus er truleg den viktigste årsaken til den uehdige bestandsutviklinga og er en faktor som må håndterast for å betre situasjonen for dei ville bestandane. I tillegg er innslaget av rømt oppdrettslaks over tålegrensen for å kunne oppretthalda villaksbestandane over tid. For å oppretthalda villaksen er det påkrevd med strakstiltak for å redusera innslaget av rømt oppdrettslaks og auka sjøoverlevinga til utvandrante smolt, skreiv Barlaup i konklusjonen sin sommaren 2009.

Tellarane hadde forresten ein spesiell invitasjon til unge som likar seg i vatnet: Dei som er interesserte i å plukka oppdrettsfisk kan meld a seg til Arne Terje på 534 86338 eller Kåre på 93039003. Invitasjonen har slått an i Etne og Vikedal.

Av Ola Matti Mathisen